LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Ing. Taule AS
Kvassnesvegen 33
5914 ISDALSTØ

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Trygve Solberg | 22.06.2017 |
| Vår: 16/1380 - 17/18585 | Trygve.Solberg@lindas.kommune.no | |

# Ferdigattest veg til gbnr 217/78 - gbnr 217/3 Romarheim

**Administrativt vedtak. Saknr: 286/17**
**Tiltakshavar:** Endre Romarheim
**Ansvarleg søkjar:** Ing. Taule AS
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 11.07.2016 og 29.09.2016.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.06.2017.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Romarheim |
| Tiltak: | Tilkomstveg og avkjørsle |

**VEDTAK:**
Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for veg fram til frådelt tomt på gbnr 217/3 og avkjørsle frå privat veg.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1380

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar byggesak | Trygve Solberg<br>sakshandsamar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Endre Romarheim | Romarheimsneset 32 | 5994 | VIKANES |

**Mottakar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ing. Taule AS | Kvassnesvegen 33 | 5914 | ISDALSTØ |